

ARBEIDSDORDNING

1. Møte er ope for pressa.
2. Til å leia møtet vert det vald 2 dirigentar. Dirigentane ordnar leiinga av møtet seg imellom. Til å føre protokollen vert det vald 2 sekretærar.
3. Delegatar og styret har talerett, gjester har talerett til saker utanom val. Ingen har rett til å få ordet meir enn 2 gonger til same sak. Taletida vert sett til 3 minuttar første gongen og 1 minutt andre gongen. Dirigenten har - når han/ho finn det turvande - rett til å fremja forslag om ytterlegare avgrensing i taletida og strek med innteikna talarar. I den grad dei finn det føremålstenleg, kan dirigentane foreslå endringar i rekkefølga på punkta i den vedtekne dagsorden.

Det er delegatane og styret som har rett til å fremja forslag.

4. Skal ein delegat ha stemmerett, må denne registrerast seinast 1 time etter møtestart.
5. Ingen får ordet til forretningsorden meir enn ein gong, og høgst 2 minuttar til kvart punkt på dagsorden.
6. Framlegg i møtet skal sendes digitalt via skjema eller i e-post som opplysast i møtet. Framlegg som ikkje har ei tilknytning til innsendte framlegg vert som hovudregel oversendt det nye styret. Framlegg kan ikkje fremjast eller trekkjast etter at strek er sett.
7. Delegatar som forlet møtet før avslutninga skal be om permisjon, stemmekort og stemmesetlar skal leverast til dirigentbordet. Dersom vararepresentant skal møte på deler av møtet, skal dette varslast ved registrering.
8. Skal ein representant ha stemmerett, må denne vera registrert ved konstituering. Dersom representantar vert forhindra frå å møte innanfor denne tidsramma, må sekretariatet varslast. Ved slike høve kan det bli gjeve dispensasjon.
9. Dersom ein representant mistar stemmekort eller stemmesetlar, vert det ikkje utdelt nye.
10. Alle vedtak fatta med alminneleg fleirtal. Dersom nokon forlangar det, vert det føreteke skriftleg avrøysting.
11. Fylkesstyret får fullmakt til å godkjenna protokollen
12. Årsmøtet er papirløyst, det betyr at årsmøtepapira ikkje vert kopierte.